

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 23.05.2018

SAKSHANDSAMAR: Kristin Pundsnes

SAKA GJELD: **Budsjett 2019**

STYRESAK: **58/18 0**

STYREMØTE: **30.05.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen HF tek gjennomgang av tidsplan for budsjett 2019 til orientering.

Oppsummering

Med bakgrunn i erfaring frå budsjettprosessar tidlegare år, samt dei økonomiske utfordringane sjukehuset står framføre, vil arbeidet med budsjett 2019 setjast i gang allereie i vår. Helse Bergen har utfordringar med å nå budsjettert resultat i 2018, mellom anna på grunn av eit noko høgt aktivitetsbudsjett. Dette er ei utfordring fleire einingar vil dra med seg inn i 2019 om det ikkje blir sett i verk korrigerande tiltak tidleg nok. Leiinga ser det difor svært viktig å ha fokus på korrigerande tiltak tidleg, og med eit meir langsiktig fokus inn mot 2019.

Einingane vil få tildelt sine budsjetttrammer for 2019 medio juni, mot tidlegare år medio september. Dette vil gi betre tid og handlingsrom for gode analyser og vurderingar av alternative tiltak det kan vere naudsynt å setje i verk. Det vil også gi rom for breiare involvering og betre dialog både med tilsette, leiarar, tillitsvalde og vernetenesta.

Det er også lagt opp til ein meir omfattande gjennomgang og kvalitetssikring av aktivitetsplan og tilhøyrande inntektsbudsjett.

Det er lagt opp til ein førebels tidsplan som vist på neste side.

Tentativ tidsplan budsjett 2019

